

# Til Alver kommune, planavdelinga.

## **Innspel til oppdatering av arealdelen i kommuneplanen for Alver.**

Arealdelen i kommuneplanen for Alver er nå lagd ut til offentlig ettersyn. Det er opna for innspel til planen med leveringsfrist til 15. september. 2022.

Kristoffer Søderstrøm eig gnr. 349 bnr. 81 på lo, i tidlegare Meland kommune. Dette er eit lite bruk som han driv som ein del av sitt gartneri. Han eig og samt driv utsalet Hageland i Knarvik. For å kunne sikre bustadtomter til bygda at neste generasjon kan bu i nærleiken av gartneriet og dermed ville kunne overta denne drifta ynskjer han nå å dele frå 3 nye bustadtomter i nordvestre enden av dette bruket. I tilknytning til desse nye tomtene ligg det frå før ei hytte som han og eig og som han og ynskjer å gjere om til bustad. Det vil då til saman bli 4 nye bustadtomter på dette området. Han ynskjer at området i arealdelen i kommuneplanen får status som LNF-ja område i spreidd strok utan krav til reguleringsplan.

**Plassering:** Området som er planlagd nytta til bustadføremål ligg i vestre delen av eksisterande bustadområde på lo. Det er her bygd ein god del spreidd bustadar frå før slik at desse 3 nye parsellane vil då gli naturleg inn i dette bustadmønsteret. Området grensar til friluftsområde mot vest, men vil ikkje sjenera bruken av dette. Området har lett tilgang til sjø og off. kai.

Hytta, som er nemnd dvs. gnr. 349 bnr. 102 ligg heilt nordvest av eignedomen. Dei 3 nye parsellane vil ligge inntil denne hytteeigedommen mot søraust. Plasseringa er synt på kart i M = 1: 5000, M = 1:1000 samt flyfoto. Flyfotoet syner boniteten for området. Flyfotoet syner kvar den dyrka jorda på eignedomen er. Omsøkte parsellar vil ligge på ikkje dyrka mark, men på områder med noko spreidd skog på same bonitetstype som eksisterande hytte ligg. Plasseringa vil vera til lite sjenanse for jordbruksmessig drift av resten av eignedomen. Dei vil heller ikkje sjenera alt bygde bustader i området.

### **Eigenskap som bustadparsellar.**

Bustadane vil ligge på små høgdedrag der bustadane kan plasserast lunt i terrenget og bli skjerma for vind og uynskte visuell påverknad av kultur og naturlandskapet. Området er solrikt og vil egna seg svært godt for bustadar.

**Infrastruktur.** Kommunal vassleidning er ført fram til snuplassen på fylkesvegen og kan derifrå lett leggjast vidare til dei aktuelle tomtene. Herifrå går det og privat avlaupsleidning til sjø som parsellane kan knytast til. Det er god tilgang på elektrisk straum i området. Frå fylkesvegen går det ein privat veg heilt fram til området. Denne vegen er eigd og bruka av grunneigar fram til hytteeigedommen på bnr. 102. Vegen er i god stand og vil godt tåle den trafikken som omsøkte bustadar vil gi. Trafikken på fylkesvegen er liten og omsøkte bustadar vil ikkje auka trafikkavviklinga på nokon som helst måte.

Det går bussamband frå snuplassen på fylkesvegen.

Skule, barnehage idrettsanlegg forsamlingshus, båtmarina m.m. ligg ikkje langt unna.

**Kostnader:** Søkjar meiner at omsøkte tomter lett kan takast i bruk utan store tilretteleggingskostnader. Dette vil tilføre bygdesamfunnet auka busetnad som vil gjera sitt til at lo og i framtida kan ha nok busetnad til å vera ei triveleg bygd og bu i.

**Klimaavtrykk:** Ein vil og leggja til at lo historisk har vore ein stad med mykje grønsaksdyrking både på friland og i drivhus. Bustadtomter på om lag 1000 kvm. vil vera godt eigna til parsellbruk slik at bustadeigarane langt på veg kan dyrka sin eigen mat og dermed bidra til sjølforsyning av kortreist mat som vil gi eit positivt klimaavtrykk. Dette vil vera med å redusera/oppheve noko av det negative klimaavtrykket ein vil få grunna transport til tettstad, skule og barnehage m.m.

**Konklusjon:** Samla sett vil ein tru at desse tomtene berre vil gi positive verknader både for dei som vil bu her, for lokalsamfunnet, for kommunen og for heile regionen.

Søkjar ber derfor om at desse bustadtomtene vert tatt med i oppdateringa av arealdelen i kommuneplanen som nå er under vurdering.

Frekhaug 01.09.22.

For eigar av gnr. 349 bnr. 81 Kristoffer Søderstrøm.

Etter fullmakt av eigar.

Jens H. N. Bjordal

Ansvarleg søker.